

ÅRSMØTE 2026 (Referat)

Årsmøtet 2026 vart halde på Hammerstuene 23.februar 2026 kl 1800-2000. Årsmøtet var kunngjort med e-post til medlemmane og på Trollheimsporten og todalen.no. (Under årsmøtet kom det fram at det er behov for å oppdatere e-postadressene til enkelte av medlemmane). 14 personar møtte på årsmøtet. I tilknytning til årsmøtet vart det servert kaffe og vaflar, og etter møtet var det middag på hotellet for det gamle og det nye styret.

1. Konstituering: Møteleiar Gerd Ingrid Kvendset. Skrivar: Eivind Hasle
Protokollunderskrivarar: Kjellaug Brørs og Tove Mogstad
2. Årsmeldinga vart presentert av skrivaren, og samrøystes godkjent.
3. Revidert rekneskap var presentert av kasseraren, og samrøystes godkjent. Økonomien er solid. Det vart elles orientert om korleis kontingentinnkrevjinga fungerer og pengane fordelte mellom mållaget sentralt, fylkeslaget og lokallaget.
4. Innkomne saker:
 - a) Namneendring: Etter ein interessant debatt vert det vedtatt (med 12 røyster) at laget skal skifte namn til HEIMBYGDLAGET (Surnadal og Rindal)
 - b) Surnadal som nynorskkommune. Årsmøtet vedtok at styret skal arbeide vidare med dette temaet, m.a. med sikte på informasjon og skoloringstilbod til kommunalt tilsette og saksbehandlarar.
5. Val: Trond Skogseth hadde også i år fungert som valnemnd, og innstillinga vart samrøystes godkjent. Det vart likevel vedtatt at styret skal arbeide vidare med å få med ein person til i styret, gjerne ein frå Øvre Surnadal eller Rindal. Like eins må styret prøve å supplere valnemnda. Eivind Hasle gjekk ut av styret etter 10år som skrivar.

Etter valet er følgjende tillitsvalde i Heimbygdlaget:

Styre:

Gerd Ingrid Kvendset	Attval for 2 år, leiar 2026-27
Svein Sæter	Attval 2026-28, nestleiar.
Leif Roar Bævre	Valt 2025-27, skrivar 2026-27
Eirik Endresson Klinge	Valt 2025-27
Varamedlemmar:	
Jorid Aarvåg	Attval, 2026-27
Tove Gåsvand	Nytt varamedlem 2026-27
Revisorar	
Reidun Halle	Attval, 2026-27
Randi Sogge	Attval, 2026-27

6. Utsendingar til årsmøte i Nordmøre Mållag, i Surnadal 14/3:
Gerd Ingrid Kvendset, Eivind Hasle og Eirik E. Klinge, (+ Svein Sæter, som er styremedlem der)
7. Utsendingar til landsmøte i mållaget: Gerd Ingrid Kvendset og Eirik E.Klinge.
8. Etter årsmøtet hadde Eivind Hasle eit innlegg med dikt på trønderdialekt av Bjørn Nilsen, som frå 1960-talet fram mot 2000 var svært aktiv som TV-reportar, leiar av forfattarforeininga, og lyrikar. Han lever enda, vel 90 år gammal.

Eivind Hasle (skrivar)